

Grenser for «eigedomssrett»

INNLEGG

Jus

Om eigedomssrett og aksjar kjem innlegg seinast frå Knut Schage i DN 6. mars. Jussen er klar. I den elementære læreboka skriv professor Andenæs på s. 54: «Aksjonærene har normalt en økonomisk interesse»,



KVIFOR? Kvifor aversjon mot presisjon? spør Erlend Baldersheim.

medan «eiendomsretten ligger hos selskapet». Eller som

Høgsterett sa i ein dom frå 2004: «Det er framandt for vår rettsorden å seie at aksjeeigarar lir tap der tapet direkte rammar aksjeselskapet, sjølv om tapet på kort eller lang sikt vil redusere inntektsstraumen i form av utbytte til aksjeeigarane.»

Men tydelegvis ønskjer ikkje alle å vera presise. Kvifor aversjon mot presisjon?

Ei forklaring kan vera ønske om å skyta seg inn under ord med motiv appell som i neste omgang kan gje retorisk styrke i debatt om t.d. skattereglar. Tenk kor effektivt å kunna titulera seg «eigar», ikkje berre ein skarve «innskytar» eller «deltakar». Tenk å ikkje vera avspist med ei usikker «økonomisk interesse», men i staden mønstra ein solid «rettighet».

Tenk å kunna føra sitt argument under den flotte fana «eigendomsrett».

Argument gjennom appellord kan først av den med politisk ærend. Men i dei siste vekers diskusjon forsøker ein ytterlegare å utgje standpunkta som fagjuridiske. Prøver ein å gjera jussens hus til bolverk og kanonstilling for politiske argument?

Sjølvsagt kan ingen forventast at rettsforskarar underkastar seg slik okkupasjon. Det høyrer med til rettsforskarens oppgåve å kjenna jussens begrensningar, og tydeleggjera kva som (ikkje) kan vera jussens bidrag i politisk diskusjon.

■ *Erlend Baldersheim, stipendiat i rettsvitskap, Universitetet i Bergen*